



ALVER
KOMMUNE

Planstrategi for Alver kommune

2020-2023



1 Innleiing

Kommunal planstrategi er eit verktøy for politisk prioritering av planinnsatsen, for å sikre ei ressurseffektiv og målretta planlegging.

Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret seinast eit år etter at det nye kommunestyret er konstituert. I tråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet si (KMD) tilråding har dei tre kommunane som blir Alver kommune frå 1.1.2020 vedteke å samordna planbehovet med heimel i PBL. § 9-1, før ny kommune formelt trer i kraft.

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane skal fylgjast opp i fylkeskommunen og kommunane sitt arbeid med planstrategi og planer, og vert lagt til grunn for statlege myndigheter si medverknad i planlegginga. Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftsmål, som Norge har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tid sine største utfordringar. Det er difor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.



2 Alver kommune

2.1 Mål og visjonar for Alver

Alver kommune skal vera ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling (Intensjonsavtalen).

2.1.1 Verdier, mål og prinsipp

Følgjande er lagt til grunn i intensjonsavtalen for Alver kommune.

- Me skal byggja ein ny kommune.
- Alle kommunar er likeverdige partar.
- Me skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon.
- Me skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen.
- Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur.
- Me skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv.
- Me skal ha likeverdige tenester i heile kommunen.
- Me skal vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur.

- Me skal ha innbyggjarrettleiing i alle rådhusa.
- Me skal digitalisera dialogen med innbyggjarane.
- Me skal leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling

2.2 Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling

Kommunal planlegging er eit verktøy for å få ein berekraftig, brukarorientert, effektiv og resultatorientert offentlig sektor. Kommunal planlegging er og eit verktøy for å styrkje samfunnsutviklarrolla i kommunane.

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. FNs berekraftmål er verden sin felles arbeidsplan, mellom anna for å sikre sosial rettferd, god helse og stanse tap av naturmangfald og klimaendringar. Måla skal vise veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.


Kommunar har ein sentral rolle i å realisere berekraftmåla i Noreg. Dei er nærmast innbyggjarane, lokale bedrifter og organisasjonar. Kommunane er ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekåra og utviklingsmogleighetene til folk. I Alver har berekraftmåla vore ein del av arbeidet med utfordringsnotatet og vil vere ein del av dei overordna planane som planstrategien tilrår.

3 Plansystem og planarbeid i Alver

I Alver kommune skal planer vere eit godt styringsverktøy. Kva planer som blir prioritert vert vist i planstrategien. Planstrategien omtaler korleis plansystemet for Alver skal vere bygd opp med definisjonar av plantypar, omtale av rutinar, organisering og medverknadstrategi for planarbeid.

3.1.1 Planlegging som del av kommunen sitt styringssystem

Figuren nedanfor gjev ei oversikt over planane som inngår i kommunane sitt plan- og styringssystem:



Kommuneplanen samfunnsdel	Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, og som organisasjon. Samfunnsdelen gjev føringar for underordna planar i alle sektorar i kommunen.
Kommuneplanen arealdel	Kommuneplanen sin arealdel omfattar heile kommunen. Den er juridisk bindande og styrer den langsiktige arealutviklinga. Arealdelen skal sikre at arealbruken i kommunen bidreg til å bygge opp under mål og strategiar i samfunnsdelen.
Kommuneplanen sin handlingsplan	Kommuneplanen sin handlingsdel er plan for gjennomføring av kommuneplanen sin samfunnsdel, kommunedelplaner og eventuelt andre planer. Handlingsdelen skal vise kva kommunen vil prioritere dei fire neste budsjettåra for å nå kommuneplanen sine mål.
Økonomiplan	Økonomiplanen skal omfatte heile kommunens virksomhet og gje realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver. Økonomiplanen skal omfatte minst ein 4-års periode, og vert revidert kvart år.
Årsbudsjett	Årsbudsjett er ein bindande plan for kommunen sine midlar og bruk av disse i budsjettåret. Årsbudsjettet skal konkretisere økonomiplanen og gjeld heile kommunen .
Kommunedelplanar	Kommunedelplaner (KDP) kan utarbeidast for bestemte områder (areal), tema eller virksomhetsområder. Dei skal følgje opp utvalte mål i kommuneplanen sin samfunnsdel eller konkretisere arealbruken for eit avgrensa geografisk område. KDP har same juridiske status som kommuneplanen .
Temaplaner	En temaplan er kommunen sin strategiske plan om eit spesifikt tema. Temaplaner har gjerne 12-årsperspektiv, og bør reviderast kvart fjerde år.

	Temaplan skal ta utgangspunkt i hovedmål og delmål fra Kommuneplanen sin samfunnsdel, og innehalde oversikt over kva mål og strategiar temaplanen skal bidra til å nå.
Strategiar	Overordna strategi skal vise nødvendig retning, ramme og føringar for det vidare utviklingsarbeidet innan for tema eller område
Reguleringsplan	Reguleringsplan er ein arealplan for eit avgrensa område. Planen består av eit arealkart med tilhøyrande føresegn som seier noko om bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Reguleringsplan kan utformast som områderegulering eller detaljregulering: <p>Områderegulering er ein kommunal reguleringsplan som brukast der det er krav om slik plan i kommuneplanen, eller kommunen finner at det er behov for å gje meir detaljerte områdevisse avklaringar av arealbruken. Områderegulering utarbeidast som regel av kommunen.</p> <p>Detaljregulering er ein detaljert reguleringsplan for eit avgrensa område, og er ofte knytt til konkrete utbyggingsprosjekter. Både kommunen og private kan utarbeida detaljregulering.</p>
Verksemdplaner	Verksemdsplaner er eit arbeidsverktøy for verksemdsleiar og tilsette. Dei er ein del av kommunen sitt styringssystem og skal med handlingsprogrammet forankre kommuneplanen sine strategiar og mål.

3.2 Organisering av planarbeid

Tenesteområde plan og analyse skal ha ansvar for å prosjektstyre og samordne fag og temaplanar. Planarbeid i Alver skal organiserast som prosjekt. Planarbeidet skal følgje ein bestillingsrutine som viser kva plantype, styringsprosess og ansvarsliner som skal gjelde for planarbeidet. Det vert utarbeida ein prosjektomtale der mandat, organisering og ressursbruk blir avklart. Det skal og avklarast korleis planane skal følgjast opp etter vedtak.

3.3 Medverknad

Samfunnsplaner betyr noko for innbyggjarane sine liv. Det skal vere rom for dialog og medverknad, og opne avgjerdsprosessar, slik skaper vi gode lokalsamfunn.

3.3.1 Strategi som skal leggjast til grunn for kommunen sitt planarbeid:

- Auka bruk av digitale verktøy i planlegginga
- I innbyggjarportalen skal for Alver skal alle planer gjerast tilgjengelig så snart dei er vedteke
- Det skal vere system for å følgje planer i prosess digitalt
- Det skal leggjast tilrette for tidlig involvering i kommunen sine planprosesser
- Barn og unge sine stemmer skal ha eit særlig fokus
- Vi vil bruke Innovative og kreative medvirkningsmetoder i arbeidet med kommunen sine overordna styringsdokument og planarbeid
- Kommunen skal prøve ut ulike arenaer for samskaping i samarbeid med frivillige, organisasjoner og andre aktører

3.4 Planstatus i Radøy, Meland og Lindås



Kommuneplanen sin areal del

Når kommunar slår seg sammen vil den enkelte kommune sine arealplaner gjelde som før sammenslåinga. Gjeldande arealdeler vil i realiteten bli tre kommunedelplanar i den nye kommunen. Planen vil gjelde det samme arealet som før, den vil være rettslig bindende og styrearealdisponeringa på same måte som før sammenslåingen

- Kommuneplan for Lindås, vedteke 15.10.19.
- Kommunedelplan Knarvik - Alversund med Alverstraumen vedteke 15.10.19
- Kommuneplan for Meland temarullering, vedteke 16.10.19
- Kommuneplan for Radøy, tema rullering vedteke 20.06.19

4 Alver kommune sine utfordringsbilete

I nasjonale forventningar til lokal og regional planlegging peikar regjeringen på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle




4.1 Utviklingstrekk i Alver


01.01.2020 er Radøy, Lindås og Meland kommunar blitt kommune. Som ein stor kommune, både geografisk og i folketal, står Alver kommune ovanfor nye utfordringar og moglegheiter. Det er utarbeida eit mogeligheit og utfordringsnotat som tek utgangspunkt i nasjonal og regional statistikk. Målet er å skape eit bilete av den nye kommunen, kva status er, har vore og kva utfordringar og moglegheiter ein ser framover. Ved bruk kunnskapsbasert data kan vi peike på nokre tema som vil vere med å danne grunnlag for prioritering av planoppgåver i Alver.

4.1.1 Befolkningsframskrivingar og framtidig demografi


Som følge av sterk tilflytting og innvandring har Alver hatt sterk folketalsvekst dei siste tiåra. Dei siste fem åra har innvandringa og tilflyttinga til kommunen vore betydeleg svakare, og dermed har og folketalsveksten bremsa.



Prognosane for framtidig befolkningsutvikling byggjer på dei historiske trendane. Den fallande tilflyttinga og innvandringa dei siste åra er blitt reflektert i lågare forventningar til folketalsvekst i dei yngre aldersgruppene. I gjeldande folketalsprognose ligg det an til at aldersgruppene under 50 år vil få ein nokolunde stabil utvikling i åra som kjem, medan det er venta vekst i aldersgruppene over 50 år.



Med omsyn til den geografiske fordelinga internt i Alver kommune er det venta at dei sentraliserande tendensen som har vore rådande dei siste åra vil halde fram. Folketalsveksten er konsentrert i aksa Alversund-Frekhaug, medan dei andre områda av kommunen er venta meir eller mindre same folketal som i dag.



Som ein del av Bergensregionen kan ein forvente at dei sørlegaste delane av den nye kommunen vil oppleve stor tilflytting på grunn av sin nærleik til Bergen. Dette viser og befolkningsprognosane frå SSB og Hordaland fylkeskommune, som begge spår ei auke på rett i overkant av 20 % dei neste 22 åra. Dersom prognosane treff vil dette bety at dagens befolkning på 28 997 vil passere 30 000 i løpet av 2021, og nå 35 000 i løpet av 2039. Samanlikna med landet vil Alver ha ein sterk befolkningsvekst.

4.1.2 Folkehelse og levekår

Folkehelsearbeid er samfunnet si samla innsats for å oppretthalde, betre og fremje helsa i befolkninga.

Det er viktig at Alver i planlegginga motverkar og førebyggjer opphoping av levekårsutfordringar, og arbeider aktivt med tiltak for å styrkje tenester og setje i verk nærmiljøtiltak i levekårsutsette område. Gjennom planlegginga kan det leggjast gode rammer for ei betre folkehelse med meir aktivitet for alle grupper i befolkninga.

Sosial ulikheit i helse er systematiske helseforskjeller som følgjer inntekt, yrke og utdanning. Slike ulikskaper finn vi for dei fleste mål på helse, for begge kjønn og i dei fleste aldersgrupper.

Vi kan sjå på helse som endepunktet i ei årsakskjede. Grunnleggande sosiale tilhøve som utdanning og økonomi vil saman med miljøtilhøve, levevanar og helsetenester påvirke helsa. Kommunen kan setje inn tiltak for å bedre helsa og utjevne helseforskjeller på alle ledd i årsakskjeden. Nøkkelen til reduserte helseulikskaper ligg i den samla innsatsen, og ikkje i nokon få enkelttiltak. Her har Alver verkemiddel.

Når Alver kommune lager planar eller godkjenn tiltak, bør ein reflektere over:

- Kan innsatsen eller tiltaket slå ulikt ut for ulike grupper?
- Sikra kommunen aktivt gode vilkår for god psykisk og fysisk helse i planlegginga?
- Er det økonomiske, sosiale eller fysiske barrierer som gjer at ikkje alle kan gjere nytte av tiltaket eller tenesta?
- Krev tiltaket, arealet eller tenesta spesielle kunnskap eller ressursar som er ulikt fordelt i befolkninga?

Desse vurderingane må byggje på statistikk og analysar, og kunnskap om lokale tilhøve. Som eksempel kan ein leggje til grunn at barn og unge som ikkje bur nær lokalsentra i Alver, i stor grad vil vere avhengig av å bli køyrt med bil for å kunne delta på ulike sosiale arenaer. Dei som ikkje bur nær eit grøntområde/tursti vil ikkje kome seg på tur utan at nokon kan køyre dei. Men ikkje alle har bil sjølv, eller noen som kan køyre dei. Vi veit og at ungdom i Alver ynskjer fleire tilbod på fritida si. Kva skal dei halde på med om dei ikkje er med i korps eller idrettslag? Slik lokalkunnskap, kunnskap om sosial ulikskap, og tydinga av mellom anna deltaking for folkehelsa, må leggjast til grunn for avgjerder i Alver kommune. Det må ein kunne sjå igjen både i planstrategien, kommuneplanen sin samfunnsdel, og i arealdelen med formål, føresegner og omsynssoner. Det er utarbeida ein folkehelseoversikt for Alver.

4.1.3 Busetjingsmønster og senterstruktur

Med areal på om lag 680 kvadratkilometer er Alver kommune blant dei større kommunane i Vestland fylke. Frå Nordhordlandsbrua til dei ytste delane av Lindåshalvøya, Radøy eller Holsnøy er det mellom tre og fire mil. Dei viktigaste samferdsleårene i kommunen er Europaveg 39 over Flatøy og vidare langs sørsida av Lindåshalvøya, og fylkesveg 57 mellom Knarvik og Mongstad.

Dei største konsentrasjonane av busetnad finn vi sør-vest i kommunen, langs aksen Frekhaug-Knarvik- Alversund, som har hatt sterk vekst dei siste tiåra. Kommunen kjenneteiknast likevel av eit spreidd busetjingsmønster.



Knarvik er regionsenter. Rolla til Knarvik som kommunesenter er å tilby tenester for heile kommunen. Knarvik har funksjon som lokalsenter for dei 9 500 innbyggjarane som har det som næraste senter. Av lokalsentera er det Frekhaug som har flest innbyggjarar i sitt omland. Dei 5 360 innbyggjarane som sokna til Frekhaug utgjorde 19 prosent av innbyggjartalet i Alver i 2018.

Folketettleik kring sentera er òg med å støtte opp under handel- og tenestetilbod og påverkar kva type handel eller tenester det er marknad for.



Kart som syner kvar folk bur i Alver

4.2 Berekraftig utvikling som premiss

Alver kommune ynskjer ei utvikling som imøtekjem vårt forbruk og investeringar, utan at det svekker innbyggjarane sine moglegheiter til i framtida å få dekkja sine sosiale, kulturelle, økonomiske og materielle behov. Det å vere ein kommune i vekst i ein attraktiv region, vil om det handterast på ein god måte, gje positive ringverknader. Ei utvikling med berekraft som eit prinsipp medfører at innsatsen må rettast mot fleire områder. Alversamfunnet legg til grunn at kjerna i berekraftig utvikling er å behandle økologisk, økonomisk og sosial berekraft i ein samanheng.



Sosial berekraft: Eit samfunn som gjer innbyggjarane lik tilgang til sysselsetting, kultur, eigna bustader, og gode bumiljø, utdanning, tryggleik og deltaking i lokalsamfunnet.

Økonomisk berekraft: Eit samfunn som skapar verdiar og utvikling i lokalsamfunnet som over tid opprettheld eit godt velferd- og tenestetilbod.

Miljømessig berekraft: Eit samfunn som tek overordna miljøomsyn, sikrar miljø- og naturressursar mot nedbygging og forureining og bidreg til å førebygga klimaendringar.



5 Vurdering av planbehov i Alver

Vurdering av planbehovet for Alver er basert på:

- Intensjonsavtalen
- Status og erfaringar med kommunal planstrategi i dei tre kommunane
- Planstatus i dei tre kommunane med særlig fokus på planoppgåver som er vesentlige å ha på plass i ein tidlig fase i ny kommune
- Nasjonale og regionale rammer for planlegging og ynskje om meir effektiv planlegging
- Mogelighet og utfordringsdokumentet

Prioritering

- 1) Behovet for felles kommuneplan for Alver kommune
- 2) Tydeleggjering av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune (Regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter)
- 3) Heilskapleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – utviklingsaksen Frekhaug – Knarvik - Alversund
- 4) Tydeleggjering av rolla som samfunnsutviklar og utvikling av framtidretta tenester

5.1 Behov for felles kommuneplan for Alver

Mål for samfunnsutviklingen skal avklarast gjennom ny kommuneplan. Samfunnsdelen har ein viktig rolle som verktøy for planlegging for ei berekraftig samfunnsutvikling, strategisk styring, politisk styring og medvirkning. Skal samfunnsdelen ha ein slik rolle for kommunestyre i Alver, bør den utarbeidas uavhengig av arealdelen og vedtakast så tidlig som mulig i perioden.

Når kommunar slår seg sammen vil den enkelte kommune sine arealplaner gjelde som før sammenslåinga. Gjeldande arealdeler vil i realiteten bli tre kommunedelplanar i den nye kommunen. Planane vil ikkje vere samordna. Innbyggjarane og næringsliv i Alver treng ein føreseieleg og felles forvaltningspolitikk. Målet er difor å få vedteke ein ny arealdel for den nye kommunen så raskt det er mulig. Alver kommune er best tent med at kommunestyre i den nye kommunen ser areal i samanheng og utviklar ein arealpolitikk tilpassa dei utfordringane og mulighetene som Alver vil stå ovanfor. I det arbeidet må vi gjere ei heilskapleg vurdering av viktige tema som demografisk utvikling, mobilitet, lokalisering av nærings- og buområder og utvikling av senterstruktur.

5.1.1 Kommuneplan for Alver vert utarbeida i planperioden i to fasar:

- Samfunnsdelen med overordna arealstrategi vedtak innan 2021
- Arealdelen i tråd med ny samfunnsdel, med vedtak innan 2023


5.1.2 Andre områder med planleggingsbehov

Planstatusen viser at mange tema- og kommunedelplaner er vedtatt i dei tre kommunane, men plan oppgåver er også sett på vent for å kunne sjå dette i samanheng med ny kommune. Ny overordna politikk for samfunnsutviklinga vil bli nedfelt i ny kommuneplan. Nye strategiske planbehov utover det, er knytt til ulike samfunnsutfordringar der kommunen har behov for kunnskap eller utdjujing. Det er behov for planer på områder der det er nødvendig å få på plass ein felles politikk, forvaltning eller prioritering av tiltak, så tidlig som mulig.



6 Planstrategi for Alver 2020-2024

Slik arbeider vi med planer i Alver



Samfunnsdel for Alver

Samfunnsdelen er kommunen sitt viktigaste strategiske verktøy for å samordne samfunnsmåla for Alver.

Prosess for arbeid med samfunnsdel for Alver kommune

Hausten 2019 gjekk vi i gang med planlegging av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel for Alver kommune. Arbeidet med samfunnsdelen blir unik i den forstand at vi skal etablere ein heilt ny kommune. Arbeidet med ny kommuneplan vil vere eit viktig verktøy for å lykkes i denne transformasjonsprosessen.

Å bygge den nye kommunen skal bety noko for utviklinga av stadsidentitet og tilhørsle, og for framtida sitt miljø og samfunn. Det må utarbeidast ein felles kommuneplan som legg føringar for korleis ønska vekst og utvikling skal skje. Det er viktig at Alver er kjent med sine framtidige utfordringar og at kommuneplanen synleggjer kva ulike behov og omsyn som skal bli vekta mot kvarandre. Det er utarbeida eit utfordringsnotat som skal danne grunnlag for å velje ut kva hovudtema vi skal fokusere på i planen.

FN's berekraftsmål skal leggest til grunn for Alvers nye kommuneplan. Berekraftsmåla vil vere ein del av kommunen sitt overordna styringsmål, og det må etablerast eit system som sikrar at berekraftsmåla blir følgt opp og at resultat blir oppnådd. Det vil vere eit godt plangrep å få på plass arealstrategi i samfunnsdelen til kommuneplanen. Dette kan gjere arealplanane betre tilpassa behova og utfordringane til samfunnet. Arealstrategien kan medverke til heilskapleg avveging mellom nasjonal, regional og kommunal arealpolitikk. Arealstrategien gjev langsiktig retning til areal- og ressursforvaltninga til kommunen.

Organisering

Arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel vil bli organisert som eit prosjekt med ei administrativ prosjektgruppe og med tilhøyrande tverrfaglege arbeidsgrupper for å sikre god fagleg

diskusjon av alle tema. Formannskapet er politisk styringsgruppe for prosessen. Det blir lagt opp til tett samarbeid mellom prosjektgruppa og politisk styringsgruppe.

Felles medverknadsstrategi for samfunnsdelen og kommunedelplanane

Kommuneplanen sin samfunnsdel er viktig for alle som bur og driv næring i Alver kommune. Før vi startar med sjølve planen, ønskjer vi å høyre kva ulike grupper i kommunen meiner om framtida si. Målet er å sikre brei og god medverknad på alle tema planane skal omhandle. I løpet av prosessen vil vi legge opp til god tid til medverknad og hente inn innspel frå tre hovudgrupper; innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv, administrasjonen og politiske råd og utval. Det vil det bli laga konkrete medverknadsopplegg til desse hovudgruppene. Målet er å motivere flest mogleg til å kome med innspel. Strategien er å seinke terskelen, ved å ta i bruk blant anna etablerte møteplassar, digitale verktøy og sosiale medier.

Form

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere eit kortfatta, spissa og tydelig dokument. Planen skal vere eit konsistent planverktøy som sikrar god styring gjennom handlingsplan/ økonomiplan og andre plandokument i perioden. Arealstrategiane skal gje overordna føringar for kommunen si fysiske utvikling i eit langsiktig perspektiv og leggast til grunn for revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

6.1.1 Samfunnsanalyse/mulighetstudie i aksene Frekhaug – Knarvik- Alversund

Heilskapleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – utviklingsaksene Frekhaug – Knarvik – Alversund. Dei største konsentrasjonane av busetnad finn vi sør-vest i kommunen, langs aksene Frekhaug- Knarvik- Alversund, I dette området er det fleire nyleg vedtekte planer og omfattande planer i prosess. Her er det tilrettelagt for bustader, næring og infrastruktur. Samfunnsanalysen vil vurdere potensiale i eit overordna perspektiv, med fokus på dagens situasjon og vurdering av planane i området. Slik kan vi og ta strategiske val med omsyn til korleis vi skal utvikle gode bustadmiljø, grøn mobilitet, grønstruktur og næring. Det bør utarbeidast ei samfunnsanalyse/ mogleighetsstudie for aksene Frekhaug-Alversund- Knarvik.

6.1.2 Samfunnsanalyse og mulighetstudie for kommune, lokal- og nærsenter i Alver

I Intensjonsavtalen for Alver kommune er det vedteke ein senterstruktur for den nye kommunen. Knarvik er kommunesenteret i Alver kommune, men har også funksjon som regionsenter i regionen Nordhordland. I tillegg har Frekhaug, Manger, Ostereidet, Lindås, Vikebø og Bøvågen status som lokal og nærsenter. Sentrale problemstillinger vil vere: Kva funksjon har sentra i dag og korleis kan vi sjå på dei i samheng. Kva finst av tilgang på fritidstilbod og offentleg og privat tenesteyting? Korleis er demografien, kva omland høyrer til lokalsentra og senteravgrensing. Kva areal er sett av til bustad og næring? Dette vil gjere oss i stand til å peike på nokre mogleigheter og utfordringar i sentra. Arbeidet med ein mulighetstudie for kommune, lokal- og nærsenter i Alver er i slutfasen.

Alver har speidd busetnad og er stor i areal. Det er eit tema i planstrategien at Alver bør utarbeide ein strategi for å ta heile Alver i bruk. Denne strategien bør innehalde både tema knytt til næringsutvikling og utviklinga av bygdene. Desse tema vil vere ein sentral del av arbeidet med kommuneplan. Tema er teke med i planprogrammet og arealstrategiane til kommuneplanen sin samfunn.

1. Kommuneplanen sin samfunns- og arealdel

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngeving
Samfunnsdelen med overordna arealstrategi	I prosess	V-2020	H-2021	I tråd med vedteke planstrategi	
Arealplan (KPA)	Arbeid med kunnskapsgrunnlag og planlegging av prosesser starta	V-2022	H-2023	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Justert framdrift. Rådmann tilrår å bruke administrativ tid på kunnskapsgrunnlag i 2021, for å få eit tydleg planprogram til varsel om oppstart

2. Kommunedelplan (KDP)

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngeving
Kommunedelplan for oppvekst	I prosess. Planprogram er vedtatt. Felles medverknad med samfunnsdel	V-2020	V-2021	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Justert framdrift. Overordna mål og strategier vil bli ein del av samfunnsplan.
Kommunedelplan for helse og omsorg	I prosess. Planprogram er vedtatt. Felles medverknad med samfunnsdel	V-2020	V-2021	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Justert framdrift. Overordna mål og strategier vil bli ein del av samfunnsplan.
Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv	Ikkje starta	V-2021	V-2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Rådmann tilrår å utarbeide ein felles KDP for kultur, idrett og friluftsliv, med handlingsplaner for temaområda

3. Temaplaner

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngeving
--------	-----------------	----------	---------	-------------------	-------------

Kulturminneplan	Ikkje starta	V-2021	V-2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Kartlegging kulturmiljø blir eit viktig kunnskapsgrunnlag for KPA.
Temaplan for vatn og avlaup	Ikkje starta	V-2022	2022/23	Blir gjennomført vedteke planstrategi	
Trafikk tryggleiksplan og kommunale vegar	Ikkje starta	V-2022	2022/23	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Tilrår at temaplan for trafikktryggleik vert ein fellesplan med temaplan for kommunale vegar.
Temaplan vedlikehald for kommunal bygningsmasse	Ikkje starta. Kunnskapsgrunnlag er utarbeida	V-2021	2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	
Strategisk næringsplan	Ikkje starta. Overordna mål og strategiar for næringsplan er ein del av arbeidet med samfunnsdelen	V-2021	2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	
Bustadsosial handlingsplan	Arbeidet er ikkje starta. Overordna mål og strategiar for bustadsosial handlingsplan er ein del av arbeidet med samfunnsdelen	H-2022	2023	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	Overordna mål og strategiar knytt til bustadpolitikk vil vere ein del av KDP Helse og omsorg. Eigen plan vert starta etter KDP er vedteke
Plan for å styrke fastlegetenestene i Alver kommune	ikkje starta	H-2021	2021	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	
Veteranplan (Forsvaret)	ikkje starta	V-2023	2023	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	

Temaplan friluftslivets ferdelsårer	ikkje starta	V-2021	V-2022	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	Denne planen blir eit viktig kunnskapsgrunnlag til KPA og KDP kultur, idrett og friluftsliv. Vil og ta opp i seg tema som er relatert til miljø. Det er eit nasjonalt mål at kommunen har slik plan og det er finansiert av tilskotsmidlar.
--	--------------	--------	--------	---	---

4.Strategi og mulighetstudie

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grungjeving
Overordna strategi for tema i Miljøloftet	Ikkje starta	V-2021	2021	Blir ein del av revidert planstrategi	Utarbeide eiT strategidokument som beskriv mål, strategiar og prinsipp for korleis kommunen skal prioritere midlane i Miljøloftet Kommunen kan nytte lokale belønningssmidlar til å utarbeide planen
Strategi for grønn mobilitet, Gå og sykkle i Alver	I prosess. Sykkelstrategi ferdig i april. Gå-strategi i 2021	2020	2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	Kunnskapsgrunnlag for mellomanna prosjekt i Miljøloftet og KPA. Kunnskapsgrunnlag for kommuneplan.KDP kultur,idrett og friluftsliv
Mulighetstudie Frekhaug-Alversund-Knarvik	Ikkje starta Kunnskapsgrunnlag for kommuneplan.	V-2021	V-2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	
Mulighetstudie for lokal og nærsenter	I prosess Kunnskapsgrunnlag for kommuneplan.	V-2020	V-2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	
Mulighetstudie Meland ungdomskule	Ikkje starta	V-2021	H-2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	

Mulighetstudie Alversund skule	I prosess	2020	V-2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	
---------------------------------------	-----------	------	--------	-------------------------------------	--

5.Reguleringsplanar knytt til overordna infrastruktur

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grungjeving
Regulering Ny Alversund bru	Regulering av Alversund bru	V-2021	2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	
Regulering av gang og sykkelveg. Hagelsund bru	Forprosjekt avslutta			Svv må prosjektstyre arbeidet	Forprosjektet viser at det er mulig å etablere påhengt gang-sykkelveg på brua. Må regulerast. Samarbeid med SVV
Kommunedel plan E39	Planprogram vedteke, planarbeid i prosess	V-2021	V-2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	

6. Områdereguleringplaner

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grungjeving
Områderegulering Langelands-skogen/Frekhaug nord	I prosess			Gjennomført i tråd med planstrategi	
Områderegulering Ostereidet	I siste fase før endelig vedtak		2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	
Områderegulering Knarvik	ikkje starta	H-2021	2023		Det er behov for nye vurderingar knytt til tema i områdeplan for Knarvik.
Områderegulering Mjåtveitstø/Dalstø	I prosess			Gjennomført i tråd med planstrategi	

